

**Notat**Dato: 02.05.2017  
Arkivsak: 2016/5571-9  
Saksbehandlar: oddmell

---

<b>Til:</b>	Fylkesrådmannen
<b>Frå:</b>	Fylkesdirektør kultur og idrett

---

**Økonomirapport 1. kvartal 2017 - Kultur og idrettsavdelinga**

Her kjem driftsrapportering frå Kultur og idrettsavdelinga med tal og kommentarar.

	Hittil i år			Årsprognose per 31.mars 2017		
	Regnskap pr 1. kv	Budsjett pr 1. kv	Avvik pr 1. kv	Prognose budsjett	Best	Verst
Løns- kostnader	15 436 820	15 640 036	203 216	57 479 000	56 479 000	58 479 000
Andre kostnader	107 915 193	80 452 750	-27 462 443	316 535 000	316 535 000	316 535 000
Inntekter	-5 192 999	-1 638 000	3 554 999	-163 165 000	-164 165 000	-162 165 000
	118 159 013	94 454 786	-23 704 227	210 849 000	208 849 000	212 849 000

**1. kvartal**

*Lønnskostnadene* er om lag som budsjettert. Løn til kunstnarar i DKS-turneane som ikkje er budsjettert med på lønsbudsjettet, er lagt inn som kostnad på DKS-budsjettet (overføring til andre). Delar av lønsmidlane vert utgiftsført over løn, men dekkja av inntektene frå statlege DKS-midlar. Dette vert meir synleg etter kvart som vi kjem ut over i året, men vil ikkje nødvendigvis gje negative tal samla sett for avdelinga.

*Andre kostnader* har eit avvik på om lag 27.5 mill. kr. Dette skudlast i hovudsak at utbetalingane av driftstilskot til musea vart gjort for heile året i staden for kvartalsvis. Dette er mest synleg tidleg i rekneskapsperioden, og jamnar seg gradvis ut gjennom året.

*Inntekter* har eit negativt avvik på om lag 3,5 mill. kr. Dette grunnar i at vi ikkje har treft heilt i periodiseringa og føringa av inntekter/overføringar frå staten i budsjetterrapporten. Er mest synleg tidleg i rekneskapsperioden, og jamnar seg gradvis ut gjennom året.

**Årsprognose inkludert «best» og verst case»**

Årsprognosen er berekna ut frå inntekter og utgifter i 2016 i tillegg til endringar gjort i budsjettvedtak gjort i Fylkestinget for budsjett 2017. Lønnskostnadene kan bli noko høgare enn budsjettert, då inntekter som

finansierer ein del av lønnsbudsjettet er inntektsført andre stadar i budsjettet (DKS). Samla vil ikkje dette då gje utslag på driftsresultatet.

Best case:

Andre kostnader kan variere ein del frå år til år., men eit mindreforbruk kan i beste fall utgjere om lag 0,5 mill. kr. Det same gjeld for lønskostnadene, men til no har vi valt ikkje å legge inn mindreforbruk her. Vi ser det som lite realistisk med ei auke i inntektene, då statstilskota dei siste åra har vore relativt stabile, men ei auke i arbeidet til feltarkeologane kan utgjere i beste fall auke inntektene med inntil 1 mill. kr.

Verst case:

Eit fall i inntektene, særst på arkeologisk registrering, vil kunne føre til ei underdekking i lønskostnadene og påverke driftsresultatet, kanskje om lag 1 mill. kr. Ei auke i andre kostnader på 0,5 mill. kr grunna større nødvendige innkjøp enn planlagt, kan også få negative onsekvensar for årsprognosen.

Kopi til:

Pål Andre Kleive